

Moglegheiter for alle



Valprogram 2023-2027

**Me er best  
saman**

# Innhald

## **1. Born og unge**

Side 4-8

## **2. Helse og omsorg**

Side 9-15

## **3. Eit aktivt og meiningsfullt liv for alle**

Side 16-19

## **4. Idrett, kultur og friviljug arbeid**

Side 20-21

## **5. Eit trygt lokalsamfunn**

Side 22

## **6. Nærings og utvikling**

Side 23-29

## **7. Vegar og samferdsle**

Side 30-31

## **8. Energi, natur, klima og miljø**

Side 32-33

## **9. Økonomi og budsjett**

Side 34

## **10. Organisering**

Side 35

## **Våre kandidatar**

Side 36-38

# Saman for Voss

Voss Høgre ynskjer at Voss skal verta ein endå betre stad å verta fødd, veksa opp, utdanna seg, bu, etablera verksemd, arbeida og verta gamal.

Me vil føra ein politikk som byggjer på lokalt folkestyre, personleg fridom og sosialt ansvar, og vera opne og lyttande til alle innspel, slik at me saman kan utvikla Voss vidare inn i framtida. Voss Høgre vil stø opp om aktivitetar og tiltak som gjer det enklare og meir attraktivt å busetja seg i bygda. Det at ungdomen vel å busetja seg her, er sjølve grunnlaget for gode tenester, bu-miljø og auka folketal.

Voss Høgre vil arbeida for å gjenreisa prioriteringsdebatten i lokalpolitikken, fremja ansvar, og arbeida langsiktig og heilskapleg. Oppgåvene som ligg framfor oss, gjer at Voss herad lyt nytta inntektene sine godt for å sikra tenester med god kvalitet. I lokalpolitikken må me som politikarar visa ansvar og prioritera det viktigaste først:

- Gode oppvekstvilkår for born og unge, i eit trygt lokalsamfunn.
- Kunnskap og kvalitet i skulen.
- Omsorgstenester med god kvalitet, og valfridom for dei som nyttar desse tenestene.
- Gode rammevilkår for næringslivet, slik at me tryggjer eksisterande arbeidsplassar og gjer det attraktivt å etablere nye.
- Betre og tryggare vegar i heradet vårt.

Det skal leggjast til rette for nye bustader, næringsliv og arbeidsplassar i alle delar av heradet. Voss herad skal vera ein god plass å bu og arbeida for alle.

# 1 Born og unge

Gode og trygge oppvekstvilkår for born og unge, og gode barnehagar og skular, er viktig for eit lokalsamfunn. Lyft borna, så lyfter også resten av samfunnet seg.

Me treng gode bu-miljø, full barnehagedekning, ein god skule og SFO med fleksible opningstider.


Voss Høgre vil leggja til rette for at barnefamiliar og andre lettare kan etablera seg i bygda. Då er det viktig å ha eit godt barnehage- og SFO-tilbod, og nok tomter og bustader til ein pris folk har råd til.

## 1.1 Barnehagar

### **Voss Høgre vil arbeida for**

- eit variert og godt barnehagetilbod, med både kommunale og private barnehagar. Me seier nei til kommunalt oppkjøp av private barnehagar.
- barnehageinntak heile året. Voss må ha barnehageplass til alle som treng det, når dei treng det.
- at alle barnehagar i heradet skal ha ei trygg og god bemanning, i tråd med barnehagelova.
- gode tilhøve for born med nedsett funksjonsevne, og andre som treng ekstra hjelp og støtte.

- tidleg innsats for alle som treng ekstra hjelp i opplæringsløpet, og nok tilsette med spesialkompetanse der det er behov for det. Innsatsen må fylgja borna gjennom heile oppveksten, så lenge dei treng det. Førebygging og tidleg tilrettelegging er med på å hindra fråfall og utanforskap, og skapar såleis eit godt grunnlag slik at fleire fullfører vidaregåande skule.
- ei god og føreseieleg vikarordning, som kan vera med på å sikra god og forsvarleg bemanning av barnehagane i heradet.
- ein langsiktig plan for vedlikehald og rehabilitering av barnehagar.
- ein langsiktig plan for bygging av nye barnehagar, med fokus på eit breitt og allsidig tilbod.
- mangfald i barnehagetilboden, med både utegrupper og innegrupper, og gjerne barnehagar med spesielt fokus, som til dømes gardsbarnehage eller kunst- og handverksbarnehage.
- at alle barnehagar i heradet skal vera på godkjent nivå med tanke på ventilasjon, inneklima og miljøretta helsevern.
- etablering av barnehageplassar med fleksible opningstider, slik at livet vert enklare for familiarer der foreldre jobbar turnus.
- at minst ein kommunal barnehage skal vera open heile sommaren, slik at born og foreldre kan ha ferie samstundes.
- etablering av ein ny sentrumsbarnehage, der symjeanlegg, kulturhus, Prestegardsmoen, idrettshall, gondol og fjell vert viktige element i drifta.
- tilrettelegging for tilsette som ynskjer kompetanseheving.
- gode rutinar for samarbeid mellom barnehage og skule, for å sikra ein god skulestart for alle born.



# 1.2 Skule

Voss Høgre vil arbeida for ein kvalitetsskule for alle elevar, der elevane tileignar seg gode faglege kunnskapar og sosial dugleik, og der dei utviklar lyst og evne til å ta utfordringar. Alle born skal kunna lesa, skriva og rekna når dei går ut av grunnskulen.

## Me vil arbeida for

- ei god og fleksibel skulefritidsordning.
- gode tilhøve for born med nedsett funksjonsevne, og andre som treng ekstra hjelp og støtte.
- nok rom, personale og utstyr til at skulane kan ta seg godt av elevar som treng ekstra oppfølging.
- gode tiltak for elevar som står i fare for å droppa ut av skulen
- naudsynt støtte og kompetanse til spesialundervisning.
- prioritering av utstyr og læreverk i skulane, slik at undervisninga kan skje med oppdaterte læreverk, i tråd med gjeldande læreplanar.
- målretta og tilstrekkeleg symjeundervisning på dei lågaste klassetrinna ved alle skular. Alle elevar skal kunna symja 200 meter når dei går ut av fjerde klasse.
- at foreldre fritt skal kunna velja skule for borna sine, også utanfor skulekrinsen dei er busette i, med etterhald om at det er ledig plass i eksisterande klasse ved den ynskte skulen.
- tilrettelegging for tilsette som ynskjer kompetanseheving.
- valfridom i skuletilbodet. Me er positive til etablering av friskular i heradet.
- ei mentor-ordning for nyttilsette lærarar.



- eit tilbod med valfag i yrkesfag for ungdomskulen, der elevane får prøva ulike handverk og yrke.
- meir dialog og samarbeid mellom skule og næringsliv knytt til arbeidslivsfag, og høve til tilrettelagt praksis i bedrift for ungdomsskuleelevar som kan ha nytte av dette og ynskjer det.
- at alle skular skal ha ei hjartesone med ekstra fokus på trafikktryggleik og minst mogleg biltrafikk, slik at det vert tryggare for elevane å gå eller sykla til skulen.
- lekser som eit verkemiddel i opplæringa.
- eit tilbod om sommarskule med språkundervisning og ferieaktivitetar for framandspråklege elevar, i samarbeid med IMDI.
- at læraren har fordjuping i det faget det vert undervist i, eller får tilbod om kompetanseheving når heradet manglar lærarar innanfor bestemte fagområde.
- ei styrking av rådgjevingsteneste og karriererettleiing i ungdomsskulen gjennom prøveprosjektet «besøk, sjå og prøv».
- ein stad å vera nokre timer rett etter skuletid, med enkel matservering og høve til å gjera lekser, for ungdomsskuleelevar.
- prioritering av helsejukepleiartilbodet i skulane.
- oppretting av tverrfaglege innsatsteam for elever med utfordringar.
- tettare samarbeid mellom skulane, slik at gode tiltak og erfaringar enkelt kan delast.
- at «Inn på tunet» skal nyttast som del av spesialundervisninga ved skulane, for elevar som kan ha nytte og glede av det.
- faglege utfordringar for dei flinkaste elevane.
- ein god overgang mellom dei ulike skulenivåa.
- at elevar har tilgang til fysiske skulebøker i tillegg til digitale læremidlar i undervisinga.
- nok ressursar til dei administrative tenestene i skulane, for å frigjera tid for rektor og pedagogar og styrka laget kring rektor.



# 1.3 Vossaskulen i framtida

Skulebygga må ha rett storleik sett i samband med elevtal og prognosar i skulekrinsane, og dei må ha ein standard som skaper gode rammer rundt skulekvardagen til elevar og tilsette.

## Voss Høgre vil arbeida for

- at det vert laga ein plan for naudsynt opprusting og utbygging av skulebygg, og at opprusting og utbygging vert gjennomført i tråd med føringane i denne planen.
- at alle skular skal vera på godkjent nivå med tanke på ventilasjon, inneklima og miljøretta helsevern.
- skulebygg skal ha rett storleik ut ifrå elevtalet, og utforming tilpassa bruk.
- ein skulestruktur som er tilpassa elevtal og folketalsutvikling.
- sal av skulebygg som ikkje lenger vert nytta, med forkjøpsrett for grendalag og andre lokale samskipnadar.

# 1.4 Ein god kvardag for alle born

Born og unge skal oppleva at dei har ein trygg og god kvardag. Voss herad skal ha nulltoleranse når det gjeld mobbing.

## Voss Høgre vil prioritera

- nok ressursar til barnevernet, for å sikra rettane til nokre av dei svakaste i samfunnet.
- etablering av eit eige mobbeombod, som kan hjelpe skular, foreldre og elevar i mobbesaker.
- å leggja til rette for eit godt og variert tilbod av aktivitetar for born og unge, på lag med friviljuge lag og organisasjonar.
- lågterskeltilbod for born og unge innanfor psykisk helse.

## 2 Helse og omsorg

Voss Høgre vil ha meir fokus på kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Mest mogleg av ressursane innanfor desse tenestene må nyttast på pasientane og brukarane av tenestene. Ulike menneske har ulike syn på kva som gjer ei teneste god, og difor er det viktig å lytta til brukarane og deira pårørande, når tenestene vert utforma. Brukarane bør dessutan ha høve til å velja mellom ulike tenester og tenestetilbydarar. Heradet må vera ope for samarbeid med private aktørar og organisasjonar i tilfelle der dette kan vera med på å gje brukarane eit betre tilbod. Det må vera lett tilgjenge til god informasjon om kva tilbod og tenester heradet kan gje.

Granvin skal ha legekontor med bemanning til fast tid kvar veke, i samsvar med behovet. Det skal vera helsesjukepleiaritilbod knytt til alle ungdomsskulane i heradet.

Voss Høgre vil kjempa hardt imot eventuelle reduksjonar av tenestetilbodet ved lokalsjukehuset i heradet. Me vil stø opp om etablering av eit helsehus på Voss, og arbeida for at det skal vera audiograf, audiolog, augelege, hudlege og andre spesialisthelsetenester tilgjengelege lokalt.

# 2.1 Pleie- og omsorgstenester

Heradet skal ha nok heildøgns pleie- og omsorgsplassar til alle som treng det. Samstundes må me vera opne for utvikling av andre løysingar, og arbeida førebyggjande, slik at fleire kan få høve til å bu i eigen bustad så lenge som mogleg, dersom dei ynskjer det. Det er brukaren av tenestene som skal stå i sentrum, ikkje systemet. Tilbodet må vera tilpassa den einskilde sine behov. Det må satsast på sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, både økonomisk og gjennom attraktive turnusar og arbeidstilhøve, for utan dei greier ikkje heradet å levera dei tenestene det er bruk for. Fokus på pleie- og omsorgstenestene er eit viktig verdival for Høgre.

## Voss Høgre vil

- innføra sambuargaranti i Voss herad. Det må leggjast til rette for at alle kan få bu saman med den dei er glad i, så lenge dei ynskjer det, også dersom den eine eller begge treng institusjonsplass.
- at alle som ynskjer det, skal ha rett på einerom ved lengre opphold på institusjon.
- auka grunnbemanninga innanfor sjukepleie og helsefagarbeid.
- at «Inn på tunet» skal nyttast som del av demensomsorga i heradet, for personar som kan ha nytte og glede av det.
- at velferdsteknologi skal nyttast i kombinasjon med god bemanning av omsorgstenestene.
- nyttja lokalprodusert mat ved kommunale institusjonar.
- at heimebuande som er brukarar av heimesjukepleie eller heimehjelp, skal ha enkel og rimeleg tilgang på vaktmeister-tenester, til enkle oppdrag i heimen.
- at brukarar av kommunale helse- og omsorgstenester skal ha valfridom og fritt brukarval med tanke på kven dei helst vil ha hjelp av. Det må vera høve til å velja private tenestetilbydarar dersom ein ynskjer det, og heradet må ta omsyn til brukarane sine eigne ynskje når det gjeld om dei vil ta imot tenester i heimen, i omsorgsbustad eller ved institusjon.
- at tenester i heimen skal vera prega av kontinuitet, stabilitet og fast personale.

- leggja til rette for fleire møteplassar for eldre, til dømes dagavdelingar og tilbod om felles måltid for heimebuande, med tilrettelagt transport. Det å kunna eta saman med andre, og ikkje berre få maten levert, er god folkehelse.
- redusera vikarbruk gjennom fleire fast tilsette og større stillingsheimlar for dei som ynskjer det. Heradet må få på plass ei god og føreseieleg vikarordning innan helse og omsorg.
- få på plass ein god rekrutteringsstrategi for å sikra tilgangen på kvalifisert personell innan helse og omsorg.
- seia ja til utradisjonelle turnusar i tilfelle der dette er positivt for brukarane av tenestene og ynskt av dei tilsette.
- gjennomføra eit forprosjekt med tanke på etablering av ein demenslandsby på Voss, gjerne i samarbeid med nabokommunar.
- at det tidlegare rehabiliteringssenteret på Hagahaugen og området rundt først og fremst skal nyttast til å husa eit helsehus med helse- og omsorgstenester, med kringliggjande omsorgsbustader.
- at institusjonar i heradet skal ha utleigehyblar der pårørande til bebuarar ved institusjonen kan bu i kortare eller lengre tid. Dette kan gjera det enklare for pårørande å besøka og halda kontakt med familie og vener ved institusjonen.
- at det skal etablerast omsorg pluss-tenester i heradet, med tilrettelegging for gode tenestetilbod som til dømes frisør og fotpleiar i tilknyting til institusjonar og omsorgsbustader.
- at bebuarar på institusjon og i omsorgsbustader skal ha tilgang til frisk luft og handverksaktivitetar kvar dag.
- ha ein gjennomgang av kriteria for institusjonsplass i heradet, for å sikra at alle får institusjonsplass når dei treng det.





- inkludera fleire aktørar, både friviljuge organisasjonar og andre, og sikra nok bemanning og betre samarbeid mellom aktuelle tenester, for å førebyggja og redusera einsemd, inaktivitet og underernæring hjå heimebuande.
- samarbeida med friviljuge lag og organisasjonar om overføring av lokale arrangement og konsertar til institusjonar i heradet, gjennom opptak eller direktesending.
- at heimebuande eldre og eldre på institusjon, som har låg digital kompetanse og kan ha nytte av dataverktøyet KOMP, får tilbod om dette verktøyet for å førebyggja einsemd.
- etablera ei ordning med årleg tilsyn frå brannvernet for å sikra branngryggleiken for heimebuande eldre.
- at det minst ein gong i året skal gjennomførast brukar- og pårørandeundersøkingar, og at resultata frå desse skal leggjast fram for utval og heradsstyre.
- starta kartlegginga av korleis behovet for tenester, omsorgsbustadar og institusjonsplassar vil verta i åra som kjem, med tanke på rett dimensjonering etter kvart som talet på eldre aukar.
- at heradet alltid skal ha ein oppdatert navigasjonsrettleiar for pårørande til personar som treng hjelp frå heradet sine pleie- og omsorgstenester, slik at det vert enkelt å finna fram i systemet.
- at brukarar av tekniske hjelpemiddel får oppfølging av ei brukarstøtte-teneste, som kan sikra at hjelpe midla til ei kvar tid fungerer slik dei skal.

## 2.2 Psykisk helse

Det er samanheng mellom fysisk og psykisk helse, og begge delar er like viktige for opplevinga av å ha ein god kvardag.

### Voss Høgre vil arbeida for

- betre oppfølging av personar med psykososiale vanskar. etablering av FACT-team (fleksibelt, aktivt oppsøkande behandlingsteam) i Voss herad.
- ei styrking av skulehelsetenesta.
- å gje tilsette i skular og barnehagar den kunnskapen dei treng for å fanga opp signal om psykiske vanskar og overgrep mot born.
- ein god overgang mellom alle ledd i utdanningssystemet, slik at ingen fell utanfor.
- systematisk sjølvmordsførebyggjande arbeid i skulane.
- ei innføring av rutinar for å vidareutdanna personell i nye behandlingsformer.
- at det skal vera rask veg mellom tilvising til psykolog og første time. Ved behov må heradet nytta private aktørar, for å sikra rask hjelp når behovet er der.
- at det skal oppretta ei eiga avdeling for psykisk helse og rusarbeid for ungdom.
- å styrka pårørande si rolle i arbeidet med psykisk helse og rus, og ta vare på rettane deira. Pårørandearbeid skal vera ein naturleg del av oppfølginga av pasientar med alvorlege psykiske lidingar.
- samarbeid på tvers av kommunalavdelingar som arbeider med psykisk helse og rus, for å sikra god kvalitet på tilboda.



## 2.3 Arbeid mot rus

Førebygging og tidleg innsats er dei aller beste verkemidla, men me treng også andre tiltak. I arbeidet mot rus er individuell tilrettelegging og fokus på det einskilde mennesket viktig. Voss Høgre vil ha ei styrking av heradet sitt arbeid mot rus.

### **Her er nokre av tiltaka me vil arbeida for:**

- God, relevant og aktuell informasjon må nå ut til ungdom, foreldre, skule og friviljuge organisasjonar, slik at alle kan vera del av heradet sitt rusførebyggjande arbeid.
- At det må etablerast ei anonym, digital kontaktteneste, der alle trygt kan få råd og rettleiing.
- At det må sikrast godt samarbeid og gode avtaler innanfor behandling og rehabilitering, slik at alle får den behandlinga dei treng, når dei treng det.
- Ettervernet etter soning i fengsel eller behandling for rusproblematikk må styrkast, med skreddarsydde opplegg for den einskilde når det gjeld bustad, aktivitet og oppfølging i ei sårbar tid.

- Voss herad skal bidra med arbeidsplassar til menneske som har eller har hatt rusutfordringar, som eit steg på vegen inn i ordinært arbeid.
- Me må fremja samarbeid mellom kommunen sine avdelingar som er involvert i arbeidet mot rus, for å sikra ei heilskapleg og koordinert tilnærming til arbeidet.
- Alle skal bu trygt og godt. Rett bustad er fyrste steg på vegen til eit rusfritt liv.
- Voss herad skal innføra «Housing first» modellen, der målet er å sikra bustadlause personar med rus eller psykiske utfordringar ein varig og trygg bustad med eit heilskapleg og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Det må vera ein reell brukarmedverknad i utforminga av tenestene
- Voss herad leverer innanfor arbeidet mot rus. Det skal gjennomførast årlege brukarundersøkingar for å sikra eit mest mogleg målretta tilbod.
- Pårørande til personar med rusproblem må sikrast naudsynt støtte og oppfølging, og få hjelp til å navigera i det offentlege hjelpeapparatet.
- Voss herad må leggja til rette for at organisasjonar som til dømes Kirkens Bymisjon og Blå Kors kan etablera seg og driva arbeidet sitt over lang tid i heradet.
- Voss herad bør tilsetja fleire erfaringkskonsulentar innanfor arbeid mot rus.
- Pasienterfaringar skal fangast opp systematisk, og nyttast aktivt i arbeidet med å gjera tenestene endå betre.
- Heradet må ha eigne bustader for mellombels opphold, slik at alle har ein trygg stad å sova.

# 3 Eit aktivt og meiningsfullt liv for alle

## Voss Høgre vil arbeida for

- individuelle tiltak som kan gje folk ein betre kvardag, som til dømes tilrettelagt arbeid og bruken av BPA (brukarstyrt personleg assistanse).
- aktivitet og sosial deltaking for alle.
- ei vidareføring av ordninga med eigen støttekontakt-koordinator for heradet.
- at støttekontaktordninga først og fremst skal vera ei 1:1-ordning.
- gruppebaserte løysingar skal berre nyttast der dette er til det beste for brukarane.
- gratis tilgang på hjelpemidlar av god kvalitet til alle som treng det
- å leggja til rette for eit godt samarbeid mellom omsorgstenestene, lag og organisasjonar i heradet.
- auka bruk av praktiske rådgjevarar ved bustadar for vanskelegstilte.
- at Voss herad skal fylgja retningsliner og reglar for universell utforming på alle område, med tanke på at flest mogleg skal ha høve til å delta aktivt i samfunnslivet.
- meir samarbeid mellom institusjonar og skular/barnehagar, for å skapa nye, spanande møteplassar på tvers av generasjonar.
- at Voss sentrum alltid skal ha eit oppdatert tilgjengekart, som syner graden av tilgjenge for rørslehemma på Vangen. Kartet skal gjera det enklare for rørslehemma å planleggja ruter og handleturar.
- at alle rom i kommunale bygg har tekniske løysingar som gjer at dei kan nyttast av personar med nedsett hørysle.

## 3.1 Rett til å vera den ein er

LHBTIQ-personar er meir utsette for hat-kriminalitet enn andre, og det er langt fleire sjølvmord blant skeive enn blant dei som reknar seg som heterofile. Dette er noko av bakgrunnen for at heradet må arbeida systematisk for at alle skal kunna vera seg sjølv, utan å måtta frykta hatefulle ytringar og angrep, mobbing og trakassering, uansett seksuell legning, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

### Voss Høgre vil at

- heradet skal ha ein god og heilskapleg plan for arbeidet med å hindra diskriminering av LHBTIQ-personar.
- kunnskapsgrunnlaget «Folkehelseprofil for Voss» skal ha eit eige kapittel som omtalar ikkje-heterofile sine levekår på Voss.
- heradet må sikra at alle tilsette innanfor helse, omsorg og skule har god og relevant LHBTIQ-kompetanse. Alle som ynskjer det og kan ha nytte av det i jobben sin, skal få tilbod om Rosa kompetanse eller tilsvarende opplegg, det vil seia kurs i korleis ein kan kommunisera om kjønn og seksualitet på ein trygg og god måte.
- Voss herad skal jobba aktivt mot hatkriminalitet.

## 3.2 Seniorpolitikk

Tryggheit + trivnad = livskvalitet.

Voss Høgre skal vera garantist for ein god og verdig alderdom.

Samfunnet treng kunnskapen og erfaringane til dei eldre innbyggjarane, og dei yngre treng støtta dei kan få frå dei eldre. Det er viktig at heradet har ein moderne seniorpolitikk, der mest mogleg vert lagt til rette for at eldre kan halda fram med å delta i samfunnslivet, og der dei eldre har høve til å bestemma mest mogleg sjølve når det gjeld korleis dei ynskjer å organisera eigen kvardag.

### **Voss Høgre vil arbeida for**

- etablering av arenaer der ein kan møtast på tvers av generasjonane.
- fokus på førebygging for friske eldre, med treningsgrupper og praktisk tilrettelegging.
- størst mogleg valfridom for eldre som treng hjelp i kvar dagen.
- at heradet til ei kvar tid skal ha ein oppdatert eldreguide, som gjev oversiktleg informasjon om kva hjelp heradet kan gje, og korleis ein kan skaffa seg denne hjelpa.



- god internett-tilgang for beburane ved alle sjukeheimar og omsorgsbustader.
- at det skal vera god tilgang på moderne seniorbustader med kort veg til alle naudsynte og praktiske tenester i heradet.
- at heradet skal anerkjenna at eldre arbeidstakrar har verdifull kompetanse, og er ein ressurs som er viktig for kommunen.  
Seniorar som ynskjer det, skal kunna halda fram i arbeidslivet.
- å etablera eldreformidling av viktig arbeidskraft, som til dømes pensjonerte lærarar som kan tenkja seg å jobba som vikarar.
- å fremja digital kompetanse blant pensjonistar.
- etablering av seniorhagar (ulike former for bufellesskap for seniorar), med kort veg til tenestetilbod, som kan skapa tryggleik, sosialt samvær og trivnad.
- saman med friviljuge organisasjonar etablera sosiale møteplassar og aktivitetssenter for eldre.
- saman med eldrerådet og andre aktuelle aktørar utarbeida ein heilskapleg plan for korleis heradet kan verta endå meir aldersvenleg.
- at tradisjonen med årleg eldrefest på Voss vert ført vidare.



# 4 Idrett, kultur og friviljug arbeid


Voss er ei framifrå idretts- og kulturbygd som i stor grad er tufta på at friviljuge i alle aldersgrupper engasjerer seg. Heradet må leggja til rette for den gode, friviljuge innsatsen som vert gjort, og stø opp om arbeide med å vidareutvikla tilboda innanfor idrett, kultur og fritidsaktivitetar.

## Voss Høgre vil

- arbeida for meir synleggjering av, og auka fokus på, kulturminne og museum.
- vera ein pådrivar for planlegging og gjennomføring av naudsynte rehabiliterings- og vedlikehaldsarbeid på eksisterande idrettsanlegg.
- stø opp om private tiltak som kan skapa ny aktivitet.
- vera positive til etablering av skøyteanlegg i heradet.
- arbeida for etablering av eit motorsportsenter for ungdom.
- at kulturskulen sine betalingssatsar skal inkludera betalingsmoderasjon for sysken.
- at Voss skal ha ein desentralisert kulturskule, med kulturskuletilbod i fleire delar av heradet.



- at kulturskulen skal få ekstra midlar som skal øyremerkast til konsertar og aktivitet i grendene.
- stø opp om nye prosjektet som til dømes Bergslien kunstsenter og arbeidet med å etablera eit skimuseum.
- ta vare på friområde til leik og andre aktivitetar i bustadområde.
- arbeida for etablering av kulturvandringar, både på Vangen og i andre delar av heradet, for å gjera lokalhistoria meir synleg.
- at stiar til populære stader, til dømes Bakkanosi, vert lagt til rette med merking, parkeringsplassar og toalett.
- leggja til rette for at fleire kan nytta Vossabadet aktivt til trening og rehabilitering.
- finna fram til betre vilkår, meir samhandling og fleire møteplassar, og avdekka behov og utfordringar, gjennom årlege møte mellom lagslivet og heradet.
- stø opp om lagslivet og arbeid med å få større arrangement til heradet.
- lytta til ungdomen når det gjeld kva aktivitetstilbod me skal leggja til rette for.
- ha fritidskort og friplassar i kulturskulen og andre fritidstilbod, til born som treng det for å kunna delta i organisasjonslivet.
- ha gratis leige av idrettshall, skulebygg og andre kommunale anlegg til friviljuge lag og organisasjonar, i samband med lokale fritidsaktivitetar for born og unge.
- at støtta til idrettsrådet og vedlikehald av idrettsanlegg skal indeksregulerast kvart år.




# 5 Eit trygt lokalsamfunn

Voss skal vera eit trygt herad å bu i.

## **Voss Høgre vil difor arbeida for**

- at heradet alltid har oppdaterte beredskapsplanar som dekkjer alle aktuelle felt.
- ei styrking av samarbeidet mellom Voss herad, politiet, utelivsbransjen, Natteramnane, Kirkens Bymisjon og andre aktuelle aktørar, som del av kriminalførebyggjande arbeid.
- meir fokus på haldningsskapande arbeid. Det er viktig at me som einskildmenneske tek vare på kvarandre.
- at det vert bygd ny hovudbrannstasjon for heradet snarast råd, lokalisert slik brannvesenet tilrår.
- at det kjem på plass varmesøkande kamera i Evanger sentrum, som tiltak for å kunna stoppa branntilløp på eit tidleg stadium.
- at brannvesenet til ei kvar tid har naudsynt materiell til brann og redning.
- gode og attraktive ordningar som sikrar at heradet har nok fastleggar.



# 6 Nærings og utvikling

Nærings og utvikling er naudsynte faktorar dersom me skal kunna betala for kommunale tenester som barnehagar og sjukeheimspllassar. Difor meiner Voss Høgre at det er heilt avgjerande å gje næringslivet i heradet gode og føreseielege rammevilkår. Eit høgt avgifts- og skattenivå kan føra til at bedrifter vel å etablera seg andre stader, der dei får betre vilkår enn på Voss. Heradet må difor arbeida aktivt for å vera konkurransedyktig i kampen om bedrifter og arbeidstakrar.

## 6.1 Arbeidsplassar, bustader og folketalsvekst

Voss Høgre vil ha ei målretta og effektiv satsing for å få fleire til å etablera seg i heradet vårt. Arbeid og bustad er viktige stikkord på dette området, og heile heradet må takast i bruk. Alle i Voss herad skal ha ein trygg og god plass å bu.

### **Voss Høgre vil arbeida for**

- tilrettelegging for etablering av nye arbeidsplassar, slik at fleire får høve til å bu og arbeida på Voss.
- tilrettelegging av nytt næringsareal i fleire delar av heradet.
- gode og føreseielege rammevilkår for bedrifter og næringsverksemder.
- at heradet skal tilby lærlingplassar innanfor alle fagområda sine.
- fleire statlege arbeidsplassar til Voss.
- eit inkluderande arbeidsliv.



- desentralisert høgskuleutdanning og eit fleksibelt utdannings-tilbod på Voss, som kan bidra til å sikra dei lokale behova for kompetanse og arbeidskraft.
- at det skal løna seg å skapa arbeidsplassar i privat sektor.
- kort sakshandsamingstid på regulerings- og byggjeplanar.
- at heradet har fokus på å ha gode rammeavtaler med lokale leverandørar av varer og tenester til institusjonar, skular, barnehagar og andre kommunale tenesteområde.
- eit eige prosjekt for marknadsføring av Voss som ein god stad å bu og arbeida.
- tilrettelegging for bygging av rimelege bustader og utleigebustader for unge, einslege og nyetablerearar, gjennom leige, leige til eige og del-eige.
- størst mogleg fleksibilitet i tomtestrukturen, slik at folk får byggja den hustypen dei ynskjer.
- ei heilskapleg utvikling av Bømoen, som tek vare på nettverket av løyper og stiar, flyplassdrift og verna bygningar, samstundes med at området sitt potensiale vert realisert.



- at heradet skal vera ein god samarbeidspartner, pådrivar og tilretteleggjar i gjennomføringa av strategisk næringsutviklingsplan (SNU).
- ei eiga næringsavdeling i Voss herad, som skal stø opp om næringslivet.
- å leggja til rette for kontorfellesskap der ein kan ha arbeidsplassen sin på Voss, sjølv om arbeidsgjevaren held til ein annan stad i landet.
- at meir av den arbeidskrafta som er tilgjengeleg, men som likevel står utafor arbeidslivet, kjem seg i arbeid.
- å leggja til rette for nye buformer, som til dømes å kunna bu i minihus og mikrohus i Voss herad.
- å leggja til rette for spreidd busetnad, så lenge dette ikkje går ut over dyrka mark.
- si nei til innføring av nullkonsesjon. Buplikt er ikkje vegen å gå dersom ein ynskjer å ta vare på kulturlandskapet og få auka tilflytting til heradet.

## 6.2 Næringsliv

Voss Høgre ynskjer å leggja til rette for verdiskaping og utvikling. Verdiane må skapast før dei kan nyttast. Arbeidsplassar og næringsliv dannar grunnlaget for økonomi til å kunna utvikla bygda vidare og levera gode offentlege tenester. Næringslivsaktørane på Voss og i Voss herad er gjensidig avhengige av kvarandre for å kunna levera eit godt og mangfaldig tilbod til innbyggjarar og tilreisande.

Voss må verta eit ja-herad, og vera ein medspelar for næringslivet. Heradet må prioritera rettleiing til alle som vil utvikla noverande eller etablere nye verksemder på Voss høgt, og ledig næringsareal må verta marknadsført aktivt.

For at Voss herad skal kunna levere dei beste tenestene, må me auke inntektsgrunnlaget gjennom ein aktiv næringspolitikk.



## Voss Høgre vil

- leggja til rette for vidare utvikling av reiselivet, og vera ein pådrivar i gjennomføringa av heradet sin reiselivsstrategi.
- etablera plassar for bilar i gang- eller sykkelavstand til Vangen.
- leggja til rette for at det skal vera tilgjengeleg næringsareal i alle delar av heradet.
- leggja til rette for at det skal kunna skapast nye arbeidsplassar i det private næringslivet i heradet.
- marknadsføra Voss som eit attraktivt herad for nye bedrifter og gründerar.
- stø opp om lokale initiativ for utvikling av grøne næringar.
- leggja til rette for å trekkja til seg grøne arbeidsplassar, i nært samarbeid med kunnskapsmiljøa.
- saman med næringslivet utarbeida ein eigen rekrutteringsstrategi for Voss, for å sikra tilgangen på kvalifisert arbeidskraft til både næringsliv og offentleg sektor.



## 6.3 Landbruk

Landbruket er ei viktig næring i Voss herad. Voss Høgre meiner difor at det er viktig å stø opp om tiltak som bidreg til å

- halda oppe eit levande landbruk og lokal matproduksjon i heile heradet.
- bevara kulturlandskapet og hindra attgroing.
- hindra nedbygging av dyrka mark, og ta vare på matjorda.
- sikra eit godt og forsvarleg dyrehelsetilbod i heile heradet, med nok veterinærar og ei god vaktordning.
- sikra gode ordningar for innsamling av landbruksplast.
- sidareføra ordningane med støtte til innsamling av piggtråd, og støtte til bønder som nyttar klimakalkulatoren for landbruket.
- stø opp om etableringa av eit biogassanlegg på Voss, og tiltak som gjer det enkelt for bønder å nytta seg av dette.
- stø opp om tiltak som bidreg til mindre leige av jordbruksareal, ved at fleire får høve til å eiga jorda dei driv.




# 6.4 Utvikling av sentrum

Voss Høgre vil utvikla Voss vidare som regionsenter og handelsstad. Vilkåra må leggjast til rette for at Vossevangen kan halda fram med å vere eit triveleg og attraktivt område, og ein god stad å arbeida og bu.

## **Voss Høgre vil arbeida for**

- eit levande sentrum.
- at ein i den vidare utviklinga av sentrum skal ta særleg omsyn til særpreget i Vangsområdet.
- at det vert høve til å oppgradera bygg på Vangen til ein standard som gjer det attraktivt og mogleg for fleire å busetja seg og driva næring i sentrum.
- meir konkurransedyktige vilkår for handelsnæringa i sentrum, med eit parkeringssystem som gjer det attraktivt og enkelt for tilreisande å stogga der.
- bevaring av Prestegardsmoen som eit bilfritt rekreasjonsområde for alle.
- trygge, gode og funksjonelle gatemiljø og trafikktihøve på vangen, der mange ulike trafikkantar delar eit avgrensa trafikkrom.
- betre tilgjenge for syklande.
- at det vert lagt til rette for bygging av fleire bustader på Vangen.



# 6.5 Utvikling av heile heradet

Dei fleste innbyggjarane i Voss herad bur utanfor sentrumsområdet. Dette må me ta omsyn til når me planlegg Voss herad for framtida. Vangen må vera tilgjengeleg for innbyggjarar og tilreisande med bil, og det må leggjast særleg til rette for vidare utvikling av dei tradisjonelle nærsentra i heradet.

## Voss Høgre vil arbeida for:

- utvikling av bustadfelt og nye arbeidsplassar i tilknyting til heradet sine nærsenter.
- etablering av grendatun, med omsorgsbustader, barnehage, næringslokale og lokale som kan høva både som samlingsstad for lag og organisasjonar, som utleigelokale og som arena for årvisse arrangement. Ved å samla fleire ulike funksjonar i eitt tun, der driftskostnadane kan fordelast på fleire ulike offentlege og private einingar, vil ein kunna oppretthalda tenestetilbod som det elles ikkje ville vera økonomisk grunnlag for, i fleire delar av heradet.
- gode og langsiktige planar for utviklinga av Voss herad og ei forventa folketalsauke i åra som kjem.



# 6.6 Arealplanlegging

Det er viktig at det vert utarbeidd heilskaplege planar for større område der ny aktivitet vert vurdert, og at grunneigarar vert involvert tidleg i planleggingsprosessar.

## **Voss Høgre vil arbeida for:**

- gode og opne planleggingsprosessar i samband med nye prosjekt og utbyggingar.
- respekt for eigedomssretten.
- at naboar og grunneigarar vert høyrde i samband med større utbyggingar.
- at eventuelle avvik frå vedtekne reguleringsplanar vert fylgde tett opp av heradet.



# 7 Vegar og samferdsle

Voss er eit knutepunkt for reisande, og eit regionsenter for dei indre stroka av Hordaland. Trafikken er aukande, noko som gjev store utfordringar for både vegnett og tryggleik. Me treng betre og tryggare vear, slik at talet på tragiske ulukker kan verta redusert. Dårleg infrastruktur kan dessutan verka som eit hinder for næringslivet, til dømes når tømmertransportar, mjølkebil og bussar ikkje greier å ta seg fram. Samstundes er det trond for auka satsing på kollektiv-transporten.

## **Voss Høgre vil arbeida for**

- trygging av skulevegar og vear som born og unge nyttar for å koma seg til fritidsaktivitetar.
- opprusting av vear der mjølkebil, tømmertransport og andre næringsaktørar har problem med å koma seg fram.
- ei opp-prioritering av vedlikehaldet på kommunale vear.
- tydeleg merking av gangfelt.
- god snørydding på fortau så vel som på vear, slik at me alle kan koma trygt fram, også vinterstid.
- å leggja til rette for sykkelparkering ved alle kommunale bygg.
- at kommunale vear berre skal overførast til private når desse ynskjer det.
- fleire gang- og sykkelvegar i heradet.
- at all snøscooterkjøring vert regulert på ein god måte. Det må sikrast moglegheiter til opplæring, med tanke på tryggleik og beredskap.
- oppgradering av vear der det tillatne akseltrykket er til hinder for god trafikkavvikling og naudsynt nyttetransport.



## **Samstundes skal me vera ein aktiv pådrivar for**

- K5-alternativet for ny veg og jernbane mellom Voss og Bergen.
- gode kollektivtilbod, med fleire faste avgangar og ringbussar lokalt, og lågare billettprisar.
- innføring av tilbodet «hent meg» i Voss herad.
- gode togtilbod både austover og vestover.
- oppgradering og sikring av fylkesvegar og riksvegar i heradet.
- tryggare tilhøve ved ulukkesutsette punkt, som ved Brynagjelet og avkøyringane til Tvilddemoen og Palmafossen.
- tryggare vintervegar, med tydeleg skilting av endra brøystandard, og kjettingplassar for tyngre køyretøy der det er trond for dette.
- eit utsleppsfrift kollektivtilbod.
- fleire ladestasjonar for elbil i heradet.

# 8 Energi, natur, klima og miljø

Vossabygda er i stor grad avhengig av ansvarleg forvalting av nærmiljøet og naturen kring oss. Dette er eit arbeid alle må ta del i. Samstundes meiner me at det er høve til å nytta naturen til både rekreasjon og næring, så lenge dette skjer på ein måte som samstundes tek vare på lokalsamfunnet.

Ein av dei viktigaste ressursane me har, er reint drikkevatn. Voss Høgre vil alltid prioritera å ta vare på drikkevasskjeldene i heradet, og vera særstakt restriktiv med tanke på inngrep som kan ha negative konsekvensar for drikkevatnet.

Fjellområda i heradet er sårbare område som er viktige for dyre- og fuglelivet, rekreasjon og reiseliv. Voss Høgre meiner difor at store, landbaserte vindturbinparkar vil vera feil veg å gå for heradet vårt.



## **Voss Høgre vil arbeida for**

- at heradet sine bilar skal vera utsleppsfrie.
- å verna om naturen me har i heradet, og behalda friluftslommer.
- å leggja til rette for at folk kan nytta heile heradet aktivt, gjennom å rydda turløyper, leggja til rette for friluftsliv, etablera småbåthamner og ha attraktive badeplassar.
- at stiar til populære stader, til dømes Bakkanosi, vert lagt til rette med informasjon om korleis ein skal føra seg i naturen, og retningsliner om hundehald i område med husdyr.
- å leggja til rette for årlege dugnadar for rydding av heradet, der heradet samarbeider med lag og organisasjonar.
- støtte til organisasjonar som gjer tiltak for merking og tilrettelegging av turløyper sommar og vinter.
- ei prøveordning der privatpersonar ein dag i veka kan levera alle former for sortert avfall ved avfallsmottaket i heradet gratis.
- føremålet med dette er å redusere ulovleg brenning og dumping av bos i naturen, og få frigjort ressursar som elles ville ha gått med til oppryddingsarbeid.
- vern av Voss, i form av både kortsiktige og langsiktige flaumførebyggjande tiltak.
- betre utnytting av heradet sine kraftressursar, først og fremst i form av oppgraderingar av eksisterande anlegg der dette er mogleg.
- at småkraftverk i sidevassdrag til Granvinsvassdraget, der verneverdiane ligg i hovudvassdraget, kan handsamast etter ordinær konsesjonshandsaming.
- etablering av mindre anlegg for produksjon av fornybar energi, der det er lokal semje om dette.
- realisering av BIOPARK-prosjektet i Bjørkemoen.
- gjennomføring av VOSSAKLIMA 2030.
- etablering av meir sirkulærøkonomisk næringsaktivitet på Bjørkemoen, som del av eit større fagmiljø kring ein framtidig biopark.
- bruk av solceller og energi-effektive ljuskjelder der dette er mogleg utandørs, til dømes i ljosløyper og ved idrettsanlegg.
- at heradet skal vurdera bruk av solcelleanlegg og bioenergi i bygga sine, der dette er naturleg og kostnadseffektivt.
- utarbeiding av ein energieffektiviseringsplan som kan vera til nytte og gagn for både heradet, næringslivet og private.

# 9 Økonomi og budsjett

Voss Høgre vil at du som veljar skal få mest mogleg att for kvar skattekrone. Ansvar og fornuftig prioritering, og trygg økonomisk styring, må prega den kommunale pengebruken.

## **Voss Høgre vil arbeida for**


- langsiktig og strategisk planlegging, slik at heradsøkonomien ikkje vert styrt frå sak til sak.
- like stort fokus på drifts- og vedlikehaldssida som på sjølve investeringa i samband med nye byggjeprosjekt.
- samarbeid med private tenestetilbydarar i tilfelle der dette kan gje betre løysingar for heradet sine innbyggjarar.
- interkommunalt samarbeid på fleire område, til dømes innanfor innkjøp, IT og helse, for auka effektivitet, gjensidig nytte av kunnskapen dei ulike kommunane sit på, og frigjering av midlar.
- at sjølvkostprinsippet vert overhalde innanfor kommunale tenester som vatn, avløp, feiing og renovasjon. Heradet skal ha fokus på effektivitet også på desse områda.
- utskiljing av vatn og avløp i eige føretak, for å få meir oversiktleg drift, unngå overlapping med andre tenester og dermed unngå at sjølvkost inkluderer meir enn det skal.
- sal av bygningar som heradet ikkje lenger nyttar.
- ei meir berekraftig forvaltning av heradet sine bygg og eigedomar.
- fornuftige leigeavtaler og bygg for heradet sine tenestekontor.
- nedtrapping av eigedomsskatten gjennom ein auke av botnfrådraget.

# 10 Organisering

Voss herad skal vera ein positiv og god arbeidsgjevar og tenesteytar. Heradet skal vera politikarstyrt, og det må leggjast vekt på samarbeid både med andre kommunar og med ulike aktørar i eige herad.

## **Voss Høgre vil arbeida for**

- meir samarbeid mellom herad, friviljuge organisasjonar og næringsliv.
- færre representantar i heradsstyret og andre politisk organ, i tråd med krava til politisk organisering av eit herad på Voss sin storleik.
- at rådmannsstillinga skal vera ei åremålsstilling.
- eit opnare herad som lyttar til innbyggjarane sine.
- oppretting av eit kommunalombod som kan fungera som ein nøytral part i mellom anna arbeidskonfliktar og konfliktar mellom innbyggjarar og kommunal administrasjon.
- at minst 5 % av nyttilsette i heradet skal vera personar med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne.
- at heradet skal oppfattast som ein positiv og konstruktiv medspelar for utviklarar, etablerarar og søkerarar.
- ei prioritering av tiltaksplanar frå grendeutvala.





“Høgre står for trygg økonomisk styring. Me vil jobba for at alle, både unge og eldre, skal kunna leva liva sine best mogleg, med rom for mangfald og valmoglegheiter. Voss skal vera eit ja-herad, med gode rammevilkår for næringsliv oglagsliv i heile heradet.”

**Iril Schau Johansen**  
Ordførarkandidat

## Hugs å røysta Høgre i fylkestingsvalet!

“Det betyr noko kven som styrer i fylket. Difor er fylkestingsvalet òg eit viktig val. Høgre vil gi større løyvingar til skulene, sikre kvalitet i opplæringa og valfridom for elevane våre. Me vil ha ei massiv satsing på vedlikehald og rassikring av fylkesvegane i Vestland. I tillegg må Vestland vera eit JA-fylke. Me skal ikkje vera ein overkommune - me skal støtta opp om lokale initiativ og spela på lag med næringslivet, innbyggjarane, og kommunane i fylket vårt. Om du er samd i dette, må du hugsa å røyste Høgre i fylkestingsvalet i år.”

**Silja Ekeland Bjørkly**  
Fylkesordførarkandidat





1. kandidat/Ordførarkandidat  
**Iril Schau Johansen**



2. kandidat  
**Sveinung Riber**



3. kandidat  
**Katrine Matthiessen**



4. kandidat  
**Daniel Lund Imani**



5. kandidat  
**Christina Løno**



6. kandidat  
**Erik Flage**



7. kandidat  
**Anita Haugen Gjerme**



8. kandidat  
**Lars Tore Rogne**



9. kandidat  
**Kari Sætren Bondevik**



10. kandidat  
**Oddbjørn Bratthole**



11. kandidat  
**Kariann Slettemark**



12. kandidat  
**Lucas Sandgathe**



13. kandidat  
**Tor Erik Kvåle**



14. kandidat  
**Morten Arild Helle**



15. kandidat  
**Olav Farestveit**

# Vallista 2023–2027

1. Iril Kristine Schau Johansen	Kumulert	1971
2. Sveinung Riber	Kumulert	1956
3. Katrine Matthiessen	Kumulert	1973
4. Daniel Lund Imani	Kumulert	2001
5. Christina Løno	Kumulert	1990
6. Erik Flage	Kumulert	1977
7. Anita Haugen Gjerme		1983
8. Lars Tore Rogne		1955
9. Kari Sætren Bondevik		1955
10. Oddbjørn Bratthole		1974
11. Kariann Slettemark		1971
12. Lucas Sandgathe		1985
13. Tor Erik Kvåle		1981
14. Morten Arild Helle		1959
15. Olav Farestveit		1960
16. Mariann Melhus		1980
17. Erling Spikkeland Hauge		1998
18. Egil Ørnes		1961
19. May Britt Mjellelid Rogne		1959
20. Christopher Hultgren		1991
21. Kristin Ringheim		2005
22. John Isak Omvøla		1979
23. Evy Merethe Lunde		1978
24. Daniel Friis Pedersen		2001
25. Sa-Ing Dale		1983
26. Gunnar Sigvald Brekkhus		1968
27. Olav Utkvikne		1958
28. David Inge Tveito		1974
29. Olav Rio Holstad		1976
30. Erik Hovland		1956
31. Åshild Søvik Underdal		1966
32. Svein Erik Burud		1957
33. Svein Terje Vaule		1953